

21.09.2020

## Landbrukskontoret for Alver kommune

Eg viser til dykkar svarbrev frå 05.09.2018 ( ref.18/1180 – 18/11369) om innvilgning av søknad om SMIL-midlar til ny grind, nytt gjerdeklyv og oppsetting av gjerde på gbnr. 46/56. Arbeidet er no fullført.

Arbeidet vart delt opp i to etappar. I mai 2019 sette eg opp ny grind, og sjølvluukkande grind for folk som skal på tur i Skageneset. Eg gjekk for å ha sjølvluukkande grind heller enn eit gjerdeklyv då det er lettare for folk å gå gjennom ei grind. Spesielt dersom dei har hund med seg.

Planen var å fullføra prosjektet i løpet av sommaren 2019. Som vedlagt kart viser grensar det meste av gjerde mot hovudveg, på ein bratt fjellskjæring. Her har Statens Vegvesen sikra fjellsida med not, og fjerna ein del tre og laus stein. Av den grunn kom eg ikkje i gang med mitt arbeid før dei var ferdige.

Her valgte eg å trekka gjerde litt lengre opp frå fjellskjæringa for å i det heile tatt ha effekt av det, i og med at det er ekstremt bratt. Av den grunn gjekk det og mykje mindre jernstaur enn eg hadde rekna med. Dermed var og både kostnad og tidsbruk mindre enn estimert.

<b>ARBEIDSKOSTNAD 52,5 t a kr 250,-</b>	<b>KR 13125,-</b>
<b>MATERIALKOSTNAD</b>	<b>KR 12777,-</b>
<b>TOTALT:</b>	<b>KR 25902,-</b>

Ein føresetnad for løyvinga av SMIL-midlane var å leggja best mogeleg til rette for turstien til Skageneset. Etersom det er montert sjølvluukkande grind, meiner eg at dette er godt ivaretatt.

Eg håpar med dette at søknaden kan slutthandsamast. Ta gjerne kontakt dersom de vil sjå på tiltaket. Eg legg ved alle fakturaer (eg har markert det som gjeld dette), samla oversikt over alle utgifter, oversiktskart, oversikt over arbeidstimar og bilete av gjerdet.

MVH

Eirik Smith

